

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
024/22	Heradsstyret	PS	10.03.2022

Saksbehandlar	ArkivsakID
Runar Ludvigsen	21/2563

Oppfølging av HS vedtak 23.02 i sak om planprogram for kommuneplanen sin arealdel

Vedlegg:

planprogram-kpa_hoyringsdokument_28.02.22

HS004/22 - Forslag til planprogram for kommuneplanen sin arealdel

Utkast planprogramKPA_13.01.22 som var lagt med HS004/22

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

1. **Heradsstyret vedtek oppstart av planarbeid med rullering av kommuneplanen sin arealdel, plan- og bygningslova §11-12**
2. **Heradsstyret vedtek legge ut forslag til planprogram på høyring og offentleg ettersyn, plan- og bygningslova §11-13**

Vidareføring av HS vedtak 004/22 den 23.02.22:

1. Pkt. 6.1,

- Tabell 6.1., nest siste linje, høgre kolonne: «Plan- og kommunalteknisk utval med tillegg av ein representant frå kvart av dei partia som ikkje har faste medlemmer i utvalet som ikkje sit i politisk styringsgruppe.»

-Den politiske arbeidsgruppa vel leiar sjølv og vel også kor ofte dei møtest. Arbeidsgruppa arbeider fram eigne merknader og arealinnspele.

Pkt. 6.2

Frist for høyningsmerknader og arealinnspele vert sett til 31. mai 2022. Det gjev tilstrekkeleg tid til innspel og gjer det forsvarleg å ikkje ta imot nye innspel når sjølve planen kjem på høyring.

Planavdelinga arbeidar med merknader og siler arealinnspele fram til Plan- og kommunalteknisk sitt møte 24. august. Resten av tidslinja vert skyvd tilsvarande.

Pkt. 7.1.:

-Grøn boks: Ny tekst: «Alle arealinnspele må så langt som råd er kunna gjennomførast og vera i samsvar med mål og arealstrategi i kommuneplanen sin samfunnsdel.»

-Siste kulepunkt erstattast med: «Innspelet må innehalda ein omtale av kjente utfordringar.»

Elles til vedtaket:

Det bør lagast ein særskilt plan for høgt engasjement og medverknad i høyningsrunden, inkludert alle relevante sosiale mediaplattfører (Facebook, Instagram, nett osv.). Dette må inkludera å nå ut til flest mogleg via alle tilgjengelege teknologiske kanalar, frå bodstikke til TikTok. Plan- og kommunalteknisk utval vert beden om å særleg følgja opp denne medverkinga.

Ein bør sokja å få arealføremål for eksisterande bustadar som samsvarar med realitetane så langt det er tenleg.

Konsevensvurdering

Tillegg i tabell 5-1 på side 22 i kapittel om konsekvensvurdering.

Tema: samfunnsutvikling; tillegg under FOKUSOMRÅDE: samordna areal-og transportplanlegging (måloppnåing av arealstrategi.) og teknisk infrastruktur (tilgang til eksisterande veg, VA og distribusjonsnett for straum) KJELDE: Generell strategi for arealplanlegging i Osterøy kommune, HS 13.10.21. Nettanlegg (NVE) VA-anlegg (kommunen) og Vegdatabank el.likn.

Heradsstyret - 024/22

HS - behandling:

Framlegg og voting kjem fram av voteringsprotokollen som ligg ved nedst i møteprotokollen

HS - vedtak:

Heradsstyret vedtek oppstart av planarbeid med rullering av kommuneplanen sin arealdel, plan- og bygningslova §11-12

Heradsstyret vedtek legge ut forslag til planprogram på høyring og offentleg ettersyn, plan- og bygningslova §11-13

Vidareføring av HS vedtak 004/22 den 23.02.22:

1. Pkt. 6.1,

- Tabell 6.1., nest siste linje, høgre kolonne: «Plan- og kommunalteknisk utval med tillegg av ein representant frå kvart av dei partia som ikkje har faste medlemmer i utvalet som ikkje sit i politisk styringsgruppe.

-Den politiske arbeidsgruppa vel leiar sjølv og vel også kor ofte dei møtest. Arbeidsgruppa arbeider fram eigne merknader og arealinnspele.

Pkt. 6.2

Frist for høyringsmerknader og arealinnspele vert sett til 1. august 2022. Det gjev tilstrekkeleg tid til innspel og gjer det forsvarleg å ikkje ta imot nye innspel når sjølve planen kjem på høyring.

Planavdelinga arbeidar med merknader og siler arealinnspele fram til Plan- og kommunalteknisk sitt møte 24. august. Resten av tidslinja vert skyvd tilsvarande.

Pkt. 7.1.:

-Grøn boks: Ny tekst: «Alle arealinnspele må så langt som råd er kunna gjennomførast og vera i samsvar med mål og arealstrategi i kommuneplanen sin samfunnsdel.»

-Siste kulepunkt erstattast med: «Innspelet må innehalda ein omtale av kjente utfordringar.»

Elles til vedtaket:

Det bør lagast ein særskilt plan for høgt engasjement og medverknad i høyringsrunden, inkludert alle relevante sosiale mediaplattfører (Facebook, Instagram, nett osv.). Dette må inkludera å nå ut til flest mogleg via alle tilgjengelege teknologiske kanalar, frå bodstikke til TikTok. Plan- og kommunalteknisk utval vert beden om å særleg følgja opp denne medverkinga.

Ein bør søkja å få arealføremål for eksisterande bustadar som samsvarar med realitetane så langt det

er tenleg.

Konsekvensvurdering

Tillegg i tabell 5-1 på side 22 i kapittel om konsekvensvurdering.

Tema: samfunnsutvikling; tillegg under FOKUSOMRÅDE: samordna areal-og transportplanlegging (måloppnåing av arealstrategi.) og teknisk infrastruktur (tilgang til eksisterande veg, VA og distribusjonsnett for straum) KJELDE: Generell strategi for arealplanlegging i Osterøy kommune, HS 13.10.21. Nettanlegg (NVE) VA-anlegg (kommunen) og Vegdatabank el.likn.

Saksopplysningar:

Saksopplysningar:

Rådmannen har etter heradsstyret sitt vedtak den 23.02.2022 i sak 004/22, oppdaga at det i teksten til vedtak mangla ein sentral del om oppstart av kommuneplanen sin arealdel, jf. Pbl. §11-13. Utan vedtak om oppstart har ikkje planen formelt sett starta opp, og dette skapar utfordringar for arbeidet vidare. I tillegg burde ikkje arbeidet med innspel til arealplanen formelt starte før planprogrammet har vore ute på høyring og er endeleg fastsett.

Utfordringa med å ikkje ha vedteke eit planprogram før runden med innspel startar er at ein kan få innspel på noko planen ikkje omhandlar.

Planprogrammet er eit program for planarbeidet, og må bli vedteke før me kan starte arbeidet med arealdelen til kommuneplanen. I planprogrammet finn ein informasjon om kva målet med rulleringa er, kva som blir lagt til grunn for arbeidet, korleis prosessen er bygd opp, kva me vil ha fokus på i arbeidet og korleis medverkinga skal føregå.

Fastsetting av planprogram er et prosessuelt vedtak og kan ikkje klagast på.

Det er difor nødvendig at heradsstyret vedtek oppstart av rullering av kommuneplanen sin arealdel og at høyring på planprogrammet vert vedteke slik plan og bygningslova krev.

Med dette vil planen for vidare arbeid vil sjå slik ut:

Møte	Dato	
Plan- og kommunalteknisk utval	26.01	Handsaming av framlegg til planprogram. Innstilling til heradsstyret.
Formannskapet	16.02	Handsaming av framlegg til planprogram
Heradsstyret	23.02	Handsaming. Planprogram sendt på offentleg høyring med seks vekers høyringsfrist. Invitasjon til arealinnspele
Heradsstyret	10.03	Kunngjering av planoppstart kommuneplanen sin arealdel og kunngjering av forslag til planprogram
	12.04	Frist for høyring planprogram
Plan- og kommunalteknisk utval	04.05	Handsaming av framlegg til planprogram. Innstilling til HS.
Formannskapet	04.05	Handsaming av framlegg til planprogram og innstilling til HS.
Heradsstyret	11.05	Handsaming og vedtak av planprogram.

Bakgrunn:

For alle regionale planar og kommuneplanar, og for reguleringsplanar som kan få vesentlege verknadar for miljø og samfunn, skal det utarbeidast eit planprogram som grunnlag for planarbeidet

(jfr. pbl § 4-1).

Framlegg til planprogram skal bli sendt på høyring og bli lagt ut til offentleg ettersyn. Dette skjer samstundes med varsel om oppstart og kunngjering av planarbeidet (jf. pbl §11-13).

Forslaget til planprogram skal seinast kunngjerast samtidig med varsel om oppstart og kunngjering av planarbeidet. Frist for uttale skal ikkje være kortare enn seks veker. Det vil være viktig at statlege og regionale mynde og andre kan gi klare innspel til planprogrammet. Viss regional eller statleg mynde allereie i samband med forslag til planprogram ser at ein plan kan komme i konflikt med nasjonale eller viktige regionale omsyn, har dei plikt til å varsle kommunen om dette i samband med uttale til planprogrammet. Viss kommunen ikkje tek omsyn til merknader som gjeld nasjonale eller viktige regionale omsyn, vil dette kunne gi grunnlag for seinare motsegn til planen. Viss det ligg an til å kunne bli konflikt, bør kommunen og aktuelle mynde drøfte spørsmålet før planprogrammet blir vedteke.

Vurdering

Etter vedtaket frå heradsstyret den 23.02 har det allereie vorte opna for innspel og publisert i såpass omfang at rådmannen ikkje vurderer det som hensiktsmessig å gå tilbake på dette no. Rådmannen rår difor til at heradsstyret i denne omgang vedtek det som vart gløymt den 23.02 (punkt 1 og 2 i noverande forslag frå rådmann) og elles vidarefører vedtaket frå HS004/22 i sin heilskap.

Konklusjon

Saka vert lagt fram for heradsstyret for handsaming og avgjerd.